

**Sak 17/2018 Høyringsuttale Rapport fra ekspertutvalg; Regionreformen
Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene.
Februar 2018.**

Rapport frå ekspertutval om desentralisering av oppgåver frå staten til fylkeskommunen er sendt på høyring. Fristen er 9. mai.

Kommunal- og moderniseringsdepartementet nedsette ekspertutvalet våren 2017 som følge av anmodningsvedtak i Stortinget 2016. Utvalet har hatt som mandat å vurdere overføring av ytterlegare oppgåver frå staten til dei nye fylkeskommunane, med særleg merksem mot ansvar, oppgåver og mynde som støttar opp mot under fylkeskommunen si rolle so samfunnsutviklar.

Sjå ekspertutvalet sin rapport:

<https://www.regjeringen.no/contentassets/2ac32be8629541259acade7d15d9451e/regionreform---rapport-fra-ekspertutvalget.pdf>

Utvalet meiner regionreformen og ny fylkesstruktur legg grunnlag for ei substansiell oppgåveføring til fylkeskommunen. Regionreformen legg dermed grunnlag for at sentrale oppgåveområde for samfunnsutviklinga i ulike delar av landet betre kan sjåast i samanheng og underleggast politisk drøftig nærare dei som blir berørt av prioriteringar og tiltak.

Oppgåver som er foreslått av utvalet er innan følgjande område:

- Næring, kompetanse og integrering
- Samferdsel
- Klima, miljø og naturressursar
- Kultur og kulturminnevern
- Helse og levevilkår

KS er i all hovudsak samd i dei prinsipp som ekspertutvalet har lagt til grunn for sine vurderingar i rapport om overføring av oppgåver. KS meiner at ekspertutvalet sitt forslag vil styrke demokratiet og gi større moglegheiter for å oppnå samordningsgevinstar på tvers av sektorar.

KS si høyringsuttale:

<http://www.ks.no/contentassets/690e906932d74078b6aaa02f49e281e2/ks-horingsuttalelse-til-rapport-fra-ekspertutvalget.pdf>

Utvalets forslag medfører nedlegging av fem statlege institusjonar: IMDI, Kompetanse Norge, Statped, Distriktssenteret og Siva.

Merkur, som tilbyr kompetanseprogram, bedriftsrådgeving, og forvaltar støtteordningar til småbutikkar, er lagt inn under Distriktssenteret. Merkur-programmet som har eksistert i 23 år har vore til stor nytte for dei mange nærbutikkane på bygda rundt om i landet.

Merkurs framtid kan vera avhengig av kva som skjer med Distriktssenteret. Dersom utvalets forslag om nedlegging av Distriktssentret blir avvist, vil det sikre eit landsdekkande og fagleg godt tilbod for distriktsbutikkar og distriktskommunar. Dersom det blir bestemt at Distriktssenteret skal leggest ned og oppgåvene overflyttast til fylkeskommunane, må det takast grep som kan sikre at Merkur held fram som eit nasjonalt utviklingsprogram for distriktsbutikkar.

I høyringsrunden som nå pågår protesterar både småbutikker, Merkur-programmet og Distriktssenteret mot forslaget.

I forslaget til høyringsuttale som ligg ved, vert det argumentert for at Merkur vert oppretthalde.

Forlag til vedtak: Vest-Telemarkrådet vedtek framlegg til høyringsuttale slik den føreligg.



Vest-Telemarkrådet

Det kongelige kommunal- og
moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Kviteseid, 24. april 2018

Høyringsuttale – Rapport fra ekspertutvalg; Regionreformen Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene. Februar 2018.

Vest-Telemarkrådet har i møtet av 24. april 2018 drøfta rapporten *Desentralisering av oppgaver fra staten til fylkeskommunene* og oversender med dette ei høyringsuttale.

Vest-Telemarkrådet har drøfta rapporten ut i frå mandatet til ekspertutvalet og fokusområda; ansvar, oppgåver og mynde som støttar opp under fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar.

Det at fylkeskommunane får tatt tettare grep om utviklarrollen, planlegging og økonomisk styring vil styrke fylkeskommunen si rolle som samfunnsutviklar. Det vil styrke fylkeskommunens strategiske utviklingsrolle, avstanden mellom beslutningstakar og tenestemottakar vil bli redusert, og det vil kunne bidra til at samordning av planar og verkemiddel blir styrka.

Nye oppgåver krev overføring av tilstrekkelege ressursar og det vil derfor vera ein opplagt føresetnad at oppgåveoverføringa frå staten til fylkeskommunen vert fullfinansiera.

Utvalets forslag medfører nedlegging av fem statlege institusjonar: IMDI, Kompetanse Norge, Statped, Distriktssenteret og Siva.

Merkur, som tilbyr kompetanseprogram, bedriftsrådgeving, og forvaltar støtteordningar til småbutikkar, er lagt inn under Distriktssenteret. Merkur-programmet som har eksistert i 23 år har vore til stor nytte for dei mange nærbutikkane på bygda rundt om i landet.

Merkur har blitt evaluert fleire ganger, og resultatane er gode. Merkur-butikkane har betre omsetningsutvikling enn andre distriktsbutikker. Dette tyder på at det er behov for Merkur som spesialorgan, med spesialkompetansen som er bygd over lang tid. Det er diverre slik at små butikkar slit med svak lønsemd pga av ein liten marknad, derfor vil dei vere meire avhengig av ein sentral støttespelar som Merkur.



Nedlegging av Merkur vil kunne medføre at mange utkantbutikker mistar fagleg hjelp og økonomisk støtte. Oppretthalding av nærbutikker i bygdenoreg er viktig distriktpolitikk.

Vi oppmodar med dette om at Merkur-programmet vert oppretthalde som eit nasjonalt utviklingsprogram for distriktsbutikker.

Venleg helsing
Vest-Telemarkrådet
Samarbeidsorgan for kommunane
Vinje, Fyresdal, Tokke, Nissedal, Seljord og Kviteseid

Jon Rikard Kleven
Regionordfører

Anne Aasmundtveit
Regionrådsleiar